

Innvik Fruktlager SA
Gamlevegen 1
6793 Innvik

14.04.2021

Vestland Fylkeskommune,
Avd. «Innovasjon og næringsutvikling»,
v. Bård Sandal
Askedalen 2,
6863 Leikanger

Søknad om støtte til næringsutvikling i Nordfjord; Innvik Fruktlager Fellespakkeriet i Nordfjord

Innvik Fruktlager søker Vestland Fylkeskommune om støtte til Innvik Fruktlager, -fellespakkeriet i Nordfjord.

Stor planting av plommer og epler siste åra fører til at frukt-produsentane i Nordfjord er inne i ein enorm vekst, noko som medfører at Innvik Fruktlager må utvide for å kunne handtere frukt-voluma som kjem inn. Veksten i volum frå frukt-produsentane i Nordfjord på 50% auke i plommer og 200% på eple fram mot 2025 krev akutte tiltak for utviding av pakke- og kjøle-kapasiteten ved Innvik Fruktlager SA.

Ein må utvide bygningsmassen med om lag 860m² for å få nok kjøleromskapasitet, fryseromskapasitet, emballasjelager og stor nok hall til ei større frukt-pakkemaskin.

Samla investering er foreløpig kalkulert til om lag 29 mill. kroner.

Vi søker med dette Vestland Fylkeskommune om 7,5 millionar i støtte til prosjektet.

Helsing



Steinar Dvergsdal

Styreleiar Innvik Fruktlager SA



Anita Roset

Dagleg leiar Innvik Fruktlager SA

Vedlegg

Prosjektplan, med støtteskriv frå Stryn Kommune

Prosjektplan

for

Utviding av pakke- og kjølekapasitet ved Innvik Fruktlager SA.

Veksten i volum frå frukt-produzentane i Nordfjord på 50% / 300 000kg på plommer og 200% / 650 000kg på eple fram mot 2025 krev akutte tiltak for utviding av pakke- og kjøle-kapasiteten ved Innvik Fruktlager SA. Frå 2025 til 2030 er det forventa ein ytterleg auke i eple-kvantumet til om lag 850 000kg, så utbygginga må òg ta høgde for mesteparten av kvantumet ein kan få i 2030. Saman med målet om å halde på kvantumet bringebær, og posisjonen som Norges største bringebær-pakkeri, vil ein såpass sterk auke i plumme- og eple-kvantumet styrke Innvik Fruktlager SA sin posisjon som leverandør til BAMA/daglegvare-marknaden.

Auken i volum gjennom Innvik Fruktlager SA vil òg trygge arbeidsplassane og skape fleire arbeidsplassar ved fruktlageret. Eit solid mottak for frukt- og bær i nærområdet er òg heilt avgjerande for at bonden skal våge å satse på auka produksjon innan frukt og bær.

Det viser utviklinga ved Innvik Fruktlager SA frå re-etableringa i 1998 og fram til i dag. Innvik Fruktlager er motoren i frukt og bærsatsinga i Nordfjord.

Innhald:

Mål og prioriteringar

Historisk utvikling

Dokumentert vekst

Behov for auka kapasitet og bygg

Kostnad og finansiering

Rekneskap 2021

Skisser av bygg

Mål og prioriteringar

Viser til «Handlingsplan for landbruket i Vestland 2021»

Vestlandet hadde i 2019 over halvparten av den nasjonale produksjonen på pære, plomme, eple og bringebær.

Innvik Fruktlager er det største bringebær mottaket i landet, og handtera ¼ av dei norske bringebæra. Eple i Nordfjord vil ha ein vekst på 200% på 5 år og plommer 50% i same periode.

Ein kan vise til yngre produsentar som satsar stort og lukkast. Desse banar veg for aktiv produksjon i Nordfjord og inspirera til satsing i næringa.

Ved å behalde handtering av volumet i Nordfjord vil ein kunne behalde arbeidsplassar og drive aktivt rekrutteringsarbeid for frukt og bærnæringa.

Innvik Fruktlager har i dag tre ansatte på heiltid, og 12-15 arbeidarar i sesong (juni til november) Ute på gardane i dei fire kommunane som i dag leverer til lageret er det 67 aktive produsentar og sesongarbeid for over 450 arbeidstakarar.

Hovudprioritering for Nordfjord fellespakkeri – Innvik Fruktlager

- Behalde posisjonen som Norges største bringebærmottak
- Bidra til vekst slik at Vestland held posisjonen som størst innan frukt og bær
- Bidra til å oppretthalde Vestland sin del av den nasjonale matproduksjonen
- Tilpasse produksjons auke og sorts val til marknaden
- Rekruttering til landbruket
- Kortreist mat, som fører til mindre import



Historisk utvikling

Innvik Fruktlager PL vart skipa i 1952. Gartnerhallen var inne på eigarsida i perioden 1975-1998. Produsentane i Nordfjord kjøpte pakkeriet tilbake då Gartnerhallen ville selge i 1998, og skipa Innvik Fruktlager SA.

Frå 1952 til dags dato er Innvik Fruktlager blitt «fellespakkeriet for Nordfjord» då dei andre fruktlagera i Nordfjord; Utvik/Blaksæter/Hopland/Hennebygda/Stårheim/ Gloppen, er lagt ned.

Produsentane har no samla seg rundt Innvik Fruktlager SA, og vert på denne måten «fellespakkeriet» i vår del av fylket. Innvik Fruktlager blir «nær nok» geografisk til at produsentane kan få eit eigarforhold til pakkeriet «sitt».

Innvik Fruktlager er i dag landets største bringebær mottak, og handtera ¼ av dei norske bringebæra. Det er utplanta 426 mål med bringebær, og av dette er om lag 160 mål under tak-dekke/tunnel. Dette gjer Innvik Fruktlager leveringsdyktig sjølv i regnversperiodar. Ein har likevel mål om å auke andelen bringebær under tak-dekke.

Frå 1998 til i dag har produksjonen på bringebær auka frå 85 tonn til om lag 450 tonn. Beste året var 2017 med 473 tonn bringebær.

Den enorme veksten gjennom tidene har ført til fleire utbyggingar av lageret, oppgradering av frys og utviding av kjøll. I dag står vi for nye utbyggingar på lageret.

Eple og plomme er i stor vekst i Nordfjord. Frå 79t eple og 3,5 t plommer i 1998 skal vi opp i betrakteleg større volum. Vi må auke kjøle- og pakke-kapasiteten ytterlegare, og investering i ny sorteringslinje står for tur.

Innvik Fruktlager har hatt jamn vekst og utvikling i årevis, og prioritert moderate utbyggingar med nedbetaling etter kvart. Det vi står over for i dag er ein stor volum-vekst som krev ekstra stor økonomisk satsing!

Å ikkje satse på auka kapasitet her vil flytte arbeidsplassar til andre landsdelar og skape arbeidsplassar ved andre pakkeri i landet. Produsent- miljøet i Nordfjord vil kanskje over tid smuldre bort om Innvik Fruktlager kunn blir eit transit-mottak.

*I 2025 vil Innvik Fruktlager/Fellespakkeriet i Nordfjord
vere størst på plommer og bringebær,
og nest størst på epler i Sogn og Fjordane*

Dokumentert vekst i produksjon og manglande kapasitet:


Produksjonsplanen inneheld plantingar som allereie står i jorda, eller som er bestilt og sett i produksjon for kommande år. Det tek to år å bestille tre for planting, vidare to år før desse gir avling. Planen fram til 2025 er sikker, og vi ser framleis vekst i åra etter 2025. Pr no vil det blant anna auke til om lag 850t epler i 2029. Det kan auke vidare etter 2029, men desse tala er usikre, så difor begrensa vi dokumenteringa til 2025.

Volum til Innvik Fruktlager (tonn/år):

	2018	2019	2020	2025	vekst 18-20	Vekst 18-25
Eple	210	220	280	650	33%	210%
Plomme	200	220	250	300	25%	50%
Bringebær konsum	200	200	200	200		
Bringebær industri	260	260	260	260		

Som tala viser er fellespakkeriet i Nordfjord/ Innvik Fruktlager, i stadig vekst, produsentane viser at dei er konstant «på ballen» med hensyn til utvikling, fornying og produksjonsauke. Produsentane viser at dei tør satse når marknaden opnar for det. Så langt viser utviklinga at ein har lukkast.

Tabellen under viser produksjon i dag og framover i høve til kapasitet på pakking med dagens maskinpark. (Søyler viser volum pr veke 2018, 2020 og 2025. Lilla horisontal linje viser pakkekapasitet).




Produksjonsplanen og pakkekapasitet i tabellen over viser at innkomande volum epler pr. veke i nokre veker kvart år vil overstige pakkekapasiteten og kjølerom-kapasiteten med dagens maskiner og kjølerom. Det trengs difor meir kjølerom og meir effektive pakkemaskiner for å ta unna innkomande volum gjennom sesongen.

Gartnerhallen presenterte 28.01.2019 sin nye strategiplan,
«Nye Gartnerhallen»

HOVEDMÅL

Styrket konkurransekraft for norsk frukt og grønt, som skaper omsetningsvekst for Gartnerhallen på 150 % fra 2016 til 2030, og bedret lønnsomhet for GHs produsenter



Innvik Fruktlager tok utfordringa og er raskt på med utplantingar;

2018	Eple	ca. 6900 / 30daa	Plomme	ca. 2100 tre / 20daa.
2019	Eple	ca. 10 400 / 40daa	Plomme	ca. 2000 tre / 14daa.
2020	Eple	ca. 12500 / 46daa	Plomme	ca. 1500 tre / 10daa.

Desse plantingane er allereie komne i jorda, og er dei som gir den store veksten og avlinga framover mot 2025. Plantingar som gjev auka eple-quantum frå 2025 til 2029 er:

For våren 2021 er det bestilt 9000 nye epletre for planting.
2022 – 2025 er det bestilt så langt 29 156 nye epletre for planting.

Med det som er bestilt og godkjent produksjonsplan på vil ein ha omlag 850t eple i 2029, og veksten vert større.


Gartnerhallen har over lenger tid jobba med sortsutvikling for å få nye epler på marknaden.

I desember 2018 kunne vi prøvesmake dei nye sortane.

Den sorten som peika seg ut for vårt område med tanke på klima var WUR06. Denne har framleis ikkje fått «namn». I tillegg vil ein prøve ut WUR28, som er meir sensitiv mot klima, men på klima messig gode stadar truleg vil gje god avling i Nordfjord også.

Våren 2019 planta første lokale produsenten ut eit prøvefelt med 300 tre.

Det er no bestilt inn 25 000 nye tre som vil gje eit ekstra volum på om lag 280t frå år 2028.



Logistikk, plassering

Med denne utviklinga i Nordfjord har vi sikra oss eit volum som er med på å sørge for god logistikk frå vårt område. Volumet gir oss moglegheit til å levere fulle bilar til salsapparatet BAMA.

På bringebær har vi handtert delar av volumet som skal til Nord-Norge direkte frå Innvik. Med større volum på plommer og eple får ein moglegheit til dette også i desse produksjonane.

Med 600t eple i 2025, og endå høgare inn mot 2030, vil vi kunne levere fulle lass direkte på avdeling eller felles lager til BAMA. Mindre lass vil kunne ta vegen mot Sogn og fylle bilen der før vidare transport.

Produsentmiljø

Det er i dag 67 produsentar tilhøyrande Innvik Fruktlager SA/fellespakkeriet i Nordfjord.

36 av desse frå området Loen, Olden, Innvik og Utvik. 27 av desse frå Gloppen.

Det viser at nærheit av pakkeriet er med på å bygge opp under produsentmiljøet, og at det er viktig at Nordfjord har eit pakkeri.

Dei ytterlegare produsentane kjem frå Stårheim i Stad Kommune og Valldal i Fjord Kommune.

Samspelet mellom pakkeri og produsent har vore uvurderleg for veksten, samt at stabilt personale som har følgt lageret gjennom 25 år, gir tillit og stabilitet.

Fruktlageret er eit naturleg og viktig samlingspunkt for produsentane i Nordfjord.

Behovstal for auka kapasitet og bygg

Volumauke som beskriven over gir akutte behov for auka kapasitet på lager.
For å kunne ta imot auken må vi utvide kjølekapasitet, lagerkapasitet og pakkekapasitet.

Vi har i dag 1620m², og skal auke bygningsarealet til 2480m².
Det er planlagt forlenging av bygget med 10m / 300m². For forlenging av bygg, er det søkt dispensasjon til fylling i fjord. Denne søknaden er innvilga og delvis igangsett.
Planen vidare er å auke breidda av bygget med 16m(b)x35m(L) / 560m², her er det sendt inn ny søknad til fylling i fjord, som ligg til behandling.
Innvik Fruktlager SA eig alt arealet vi skal bygge på/disponere.

Med større pakkesal med rom til ny pakkelinje for eple aukar vi pakkekapasiteten.
Større bygningsmasse gjev oss også fleire kjølerom med moglegheit for langtidslagring av frukta.
Sokalla ULO-lagring.
Større bygningsmasse gjer òg at vi får samla administrasjon, pakking, lagring og emballaselager m.m. under eitt tak. Det forenkler den daglege drifta av anlegget.

Utviding av anlegget sikrar at ein bygger opp under ei næring som skal vekse no og i framtida,
Utvidinga inspirera dei over 60 produsentane vi har i dag til vidare satsing og utvikling! Lageret sikrar og aukar arbeidsplassar i vårt distrikt både på lager og ute med produsent. Volumveksten styrkjer økonomien både for produsenten og vidare drift av anlegget.

Stryn Kommune stiller seg svært positive til utbygginga av lageret. Det er viktig at vi har eit anlegg for frukt og bær i vårt distrikt, blir det sagt.



Kostnadskalkylar og finansieringsplan for Fellespakkeriet i Nordfjord, Innvik Frukthager

Kostnadskalkylane bygger på estimat frå entreprenørar i byggebransjen, konkrete tilbod og erfaringstal frå dei andre pakkeria i Norge der vi har vore på besøk. (Hardanger, Ryfylket, Telemark og Lier) I tillegg erfaringstal frå prosjektet Fellespakkeriet Vest Grønt på Håbakken i Lærdal.

Totalbudsjett for fellespakkeriet Innvik Frukthager

Utviding av tomt	1 500 000
Bygg 850m ²	8 500 000
Oppgradering «gamledelen»	4 000 000
Port, lasterampe og fasade butikk	2 500 000
Pakkelinje	5 500 000
ULO-lager	500 000
Oppgradering av frysemedie	1 500 000
Kjølerom	2 795 000
Butikkinnredning/lager + kasse/disk	1 500 000
Asfaltering / uteområde, grøntareal	655 000
Totalt	29 000 000



Finansieringsplan


Tilskot Stryn Kommune	5 000 000
Tilskot Vestland Fylke	7 500 000
Tilskot Innovasjon Norge	3 000 000
Eigenkapital produsent	2 000 000
Lånebehov	11 500 000
Totalt	29 000 000

Resultatsamandrag 2020

	2020	2019
Salgsinntekt	47 576 038	54 773 872
Annen driftsinntekt	1 054 097	1 023 032
Sum driftsinntekter	48 630 135	55 796 903
Varekostnader	43 006 854	48 502 616
Lønnskostnader	2 761 338	3 530 435
Avskrivninger	490 551	606 645
Andre driftskostnader	1 845 857	2 333 618
Driftsresultat	525 535	823 589
Annen renteinntekt	34 958	16 909
Annen finansinntekt	238	139
Annen rentekostnad	271 338	465 397
Annen finanskostnad	86	579
Ordinært resultat før skattekostnad	289 307	374 660
Skattekostnad på ordinært resultat		101 745
Ordinært resultat	289 307	272 915

Skisser av nybygg







STRYN KOMMUNE

Til mottaker

Vår ref.:
20/1175 - 8 / GED

Dato:
13.04.2021

Uttale - søknad til Vestland fylkeskommune om støtte til utvikling av Innvik Fruktlager

Landbruket er ei viktig næring i Stryn kommune. Det har vore stor vekst i volum med frukt og bær dei siste åra, og vidare satsing med nyplanting tilseier at denne utviklinga vil halde fram. Innvik Fruktlager er, og har vore, ein viktig faktor for denne veksten, pakkeriet er i dag landets største mottak for bringebær og handterer om lag 25 % av alle bringebær som vert produsert i Norge. Dette i tillegg til ein betydeleg volumauke for eple og pærer innebær at kapasiteten til pakkeriet må aukast.

Jobben med pakking, kontakt med marknaden og salgsapparat er avgjerande for utvikling av næringa, likeeins arbeid med rekrutering og kompetansebygging tett på produsentane. Stryn Kommune ser kor viktig det er å ha ei slik verksemd i Nordfjord, tett på produsentane og produksjonane.

Stryn Kommune er godt kjend med Innvik Fruktlager si verksemd, og er svært positive til utbygging i Innvik. Kommunen har intensjon om å bidra til vidare utvikling av fruktlageret, og sak om dette vil bli handsama av kommunestyret i løpet av våren. Det blir vurdert ulike modellar for kommunen sin medverknad, val av modell vli bli teke stilling til når saka vert lagt fram for politisk handsaming. Kommunen har bistått fleire bedrifter i liknande situasjonar som den Innvik fruktlager no står overfor, med godt resultat.

Stryn Kommune støttar søknaden og håpar på positivt vedtak om støtte til frukt og bærnæringa i Nordfjord.

Helsing

Stryn kommune

Geirmund Dvergsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur